









Likizo kwa bibi

På ferie hos bestemor

-  Violet Otieno
-  Catherine Groenewald
-  Brigid Simiyu
-  swahili / nynorsk
-  nivå 4

(uten bilder)






Odongo na Apiyo waliishi mjini na baba yao. Walisubiri likizo kwa hamu. Siyo tu kwa shule kufungwa, bali ni kwa sababu walienda kumtembelea bibi yao. Aliishi katika kijiji cha uvuvi karibu na ziwa kubwa.

...


Odongo og Apiyo budde i byen med far sin. Dei såg fram til ferien. Ikkje berre fordi skulen var slutt, men fordi dei skulle vitja bestemor si. Ho budde i ein fiskarlandsby nær ein stor innsjø.



Odongo na Apiyo walichangamka kwani ulikuwa wakati wa kumtembelea bibi kwa mara nyingine. Usiku huo, walipanga mizigo yao na kujiandaa kwa safari ndefu ya kwenda kijijini. Hawakuweza kulala ila waliongea usiku kucha juu ya likizo yao.

...

Odongo og Apiyo var begeistra fordi det var på tide å vitja bestemor igjen. Kvelden før pakka dei veskene sine og gjorde seg klare for den lange reisa til landsbyen hennar. Dei fekk ikkje sova og dei snakka heile natta om ferien.



Mapema asubuhi iliyofuata, waliondoka katika gari la baba yao kuelekea kijijini. Walipita milima, wanyama pori na mashamba ya majani ya chai. Walihesabu magari na kuimba nyimbo.

• • •


Tidleg neste morgon drog dei til landsbyen i bilen til far sin. Dei kørde forbi fjell, ville dyr og teplantasjar. Dei talde bilar og song songar.



Baada ya muda, watoto walichoka na kusinzia.

...


Etter eit bel vart borna trøytt og sovna.



Baba aliwaamsha Odongo na Apiyo walipofika kijijini. Walimkuta bibi yao, Nyar-Kanyada, akipumzika kwenye mkeka chini ya mti. Kwa Dholuo, Nyar-Kanyada maana yake ni 'binti wa watu wa Kanyada'. Alikuwa ni mwanamke mrembo na imara.

...

Faren vekte Odongo og Apiyo i det dei kom til landsbyen. Dei fann Nyar-Kanyada, bestemor si, som kvilte på ei matte under eit tre. På luo tyder Nyar-Kanyada "dottera til Kanyada-folket." Ho var ei sterk og ven kvinne.



Nyar-Kanyada aliwakaribisha ndani kwa kucheza na kuimba kwa furaha. Wajukuu wake walikuwa na shauku ya kumpa zawadi walizomletea kutoka mjini. “Fungua yangu kwanza,” Odongo alisema. “Hapana, yangu kwanza!” Apiyo akasema.

...

Nya-Kanyada ynskte dei velkomen og dansa rundt i rommet medan ho song av glede. Barneborna hennar var begeistra over å overrekka gåvene dei hadde teke med frå byen. “Opne gåva mi først”, sa Odongo. “Nei, gåva mi først!” sa Apiyo.



Baada ya kufungua zawadi, Nyar-Kanyada aliwabariki wajukuu wake kitamaduni.

...


Etter at ho hadde opna gåvene, velsigna Nyar-Kanyada barneborna sine på tradisjonelt vis.



Kisha Odongo na Apiyo wakaenda nje. Waliwakimbiza vipepeo na ndege.

...


Så gjekk Odongo og Apiyo ut. Dei jaga sommarfuglar og fuglar.



Walipanda kwenye miti na kurushiana maji ziwani.

...

Dei klatra i tre og plaska i vatnet i innsjøen.



Giza Iilipoingia, walirudi nyumbani kwa ajili ya chakula cha jioni. Kabla hata ya kumaliza kula, walikuwa wanasinzia!

...

Då det vart mørkt, gjekk dei tilbake til huset for å eta middag. Før dei vart ferdige med å eta byrja dei å falla i søvn!



Siku iliyofuata, baba yao alirudi mjini na kuwaacha na Nyar-Kanyada.

...


Dagen etter kørde far deira tilbake til byen og lét dei vera igjen hos Nyar-Kanyada.



Odongo na Apiyo walimsaidia bibi yao na kazi za nyumbani. Walichota maji na kuokota kuni. Walikusanya mayai ya kuku na kuchuma mboga za majani kutoka kwenye bustani.

...


Odongo og Apiyo hjelpte bestemor si med gjeremåla i huset. Dei henta vatn og ved. Dei samla egg frå hønene og plukka grønsaker frå kjøkkenhagen.



Nyar-Kanyada aliwafundisha wajukuu wake jinsi ya kupika ugali mwepesi wa kula na mchuzi. Aliwaonesha namna ya kupika wali wa nazi wa kuliwa na samaki wa kukaanga.

...


Nyar-Kanyada lærde barneborna sine korleis dei skulle laga mjuk ugali for å eta saman med ein gryterett. Ho viste dei korleis dei skulle laga kokosris for å eta saman med grilla fisk.



Asubuhi moja, Odongo aliwapeleka ng'ombe wa bibi yake malishoni. Wakakimbilia ndani ya shamba la jirani. Mwenye shamba alikasirishwa sana na Odongo. Akatishia kuwazuia ng'ombe kula mimea yake. Tangu siku hiyo, Odongo alihakikisha kwamba ng'ombe hawaingii matatani tena.

...


Ein morgon tok Odongo kyrne til bestemor si ut for å beita. Dei sprang inn på garden til ein nabo. Bonden vart sint på Odongo. Han truga med å halda på kyrne sidan dei åt avlinga hans. Etter den dagen sørgde guten for at kyrne ikkje skapte trøbbel igjen.



Siku nyingine watoto walikwenda sokoni pamoja na Nyar-Kanyada. Nyar-Kanyada alikuwa na kibanda cha kuuza mboga, sukari na sabuni. Apiyo alipenda kuwatajia wateja bei za bidhaa. Odongo aliwafungia wateja bidhaa walizonunua.

...

Ein annan dag drog borna til marknadsplassen saman med Nyar-Kanyada. Ho hadde ei bu der ho selde grønsaker, sukker og såpe. Apiyo likte å fortelja kundane prisen på varene. Odongo pakka varene som kundane kjøpte.



Mwisho wa siku walikunywa chai pamoja. Walimsaidia bibi yao kuhesabu pesa alizozipata.

...


Då dagen var omme, drakk dei krydra te saman. Dei hjelpte bestemor med å telja pengane ho hadde tent.



Likizo ilikaribia kuisha na watoto walitakiwa kurudi mjini.
Nyar-Kanyada alimpa Odongo kofia na Apiyo sweta.
Aliwafungia chakula cha kula safarini.

...

Men snart var ferien over og borna måtte dra tilbake til
byen. Nyar-Kanyada gav Odongo ei skuggelue og Apiyo
ein genser. Ho pakka mat for reisa deira.



Baba yao alipokuja kuwachukua, hawakutaka kuondoka.
Walimuomba Nyar-Kanyada aende nao mjini.
Alitabasamu na kusema, “Nimezeeka, siyawezi ya mjini.
Nitasubiri mje kijijini kwangu tena.”

• • •


Då far deira kom for å henta dei, ville dei ikkje dra. Borna trygla Nyar-Kanyada om å verta med dei til byen. Ho smilte og sa: “Eg er for gammal for byen. Eg skal venta på at de kjem tilbake til landsbyen min.”



Odongo na Apiyo walimkumbatia kwa pamoja na kumuaga.

...

Odongo og Apiyo klemde henne hardt og tok farvel.



Odongo na Apiyo waliporudi shuleni, waliwasimulia marafiki zao kuhusu maisha ya kijijini. Baadhi ya watoto waliamini kuwa maisha ya mjini ni mazuri. Wengine waliamini kijijini ni bora zaidi. Lakini zaidi ya yote, kila mmoja alikubali kwamba Odongo na Apiyo walikuwa na bibi wa kipekee.

...

Då Odongo og Apiyo drog tilbake til skulen, fortalde dei venene sine om livet på landet. Nokre born syntest at livet i byen var godt. Andre syntest at landet var betre. Men viktigast av alt var at alle var samde i at Odongo og Apiyo hadde ei fantastisk bestemor!



Barnebøker for Norge

barneboker.no

Likizo kwa bibi

På ferie hos bestemor

Skrevet av: Violet Otieno

Illustret av: Catherine Groenewald

Oversatt av: Brigid Simiyu (sw), Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand (nn)

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barneboker.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons
[Navngivelse 4.0 Internasjonal Lisens](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).